# Fotovedlegg
# Rom for kunst

Søknad frå Stiftelsen Sentralbadet litteraturhus






■ Litteraturhuset fikk 165 000 fra Kulturrådet ■ Stadig mer aktivitet

# På vei ut av dvalen

**Sentralbadet Litteraturhus er for alvor i ferd med å «våkne til liv».**

«Sentralbadet litteraturhus på veg ut av dvalen», skreiv Hardanger folkeblad i vinter. No tek vi grep for å utvikle organisasjonen med mål om å tilsetje dagleg leiar i løpet av 2018. Etter fleire år med å og sikre drifta og halde det flytande på dugnad, lykke og kjærleik, er det no tid for å kome vidare og ruste opp større deler av bygget.

# Litteratursal 1- etg.

  

1. Etg er den vi har brukt til no til arrangement og utleige. Det siste året har vi hatt meir og meir kafe, servering og bar, og ser at salen fungerer godt til ulike typar arr.  Med 2. etg til arr.sal kan vi innreie 1- etg meir som kafè/ samlingsplass. Arbeid: utbetre golv i kafédel og gang. (Ubehandla støyp er umogleg å halde reint.). Vi jobber no med å ferdigstille grovkjøkken bak kafé, byggje lager og skal opne opp inn til personalavd/ bakrom.

# B1 – LITTERATURSAL 2. ETG







Heisen mellom etasjene muliggjorde aktivitet i 2. etg. Litteratursal. Under Litteratursymposiet 2015 og 2016 har vi hatt gardin rundt trappa, og har måtte hysje på folk i kafeen nede. Med lydisolert vegg kunne vi under Jernrosa politiske litteraturfestival (april 2017) ha arr. oppe og festivalkro, kafe og bokhandel nede.

Salen i 2. etg er ikkje restaurert. Elektrisk anlegg er midlertidig, golvet skite og taket er ikkje isolert. Vi har dispensasjon frå brannsjefen og får berre bruke lokala når det er dagslys. Salen skal oppgraderast til arrangement- og møtelokale. Veggane skal behaldast slik dei er( må primast på ny), eksisterande himling skal nyttast, med ventilasjon, lys og lyd integrert. Radiotorer langs veggen. Vindauga er restaurerte, men ikkje måla.

# Gang, lager, bokbiblo 2. etg.









Gangen er ubehandla. Den doble gipsveggen verkar brannhemmande og har vore eit midlertidig tiltak for å kunne bruka lokala i 2. etg. Bak veggen til høgre ligg ventilasjonssjakt, toalett for 2. etg. og lager, som må opnast opp. Murar må pussast, fast elektrisk anlegg installerast og branndører må på plass mellom skillene. Enkle måleoppgåver utførast på dugnad.

Bak heisen ligg dusjanlegg som med enkle midler kan gjerast om til bokbiblo, som leseplass, studiekrok, bokhyller… Pussing av mur og male tak, elektrisk anlegg og møbler.

# Trapper







Trapp mellom A1 og B1 ( i nord) er restaurert i byggjetrinn 1. Manglar lysstjing og måling av murvegg.

Trapp mellom etasjane i sør er ubehandla. Dører og trapp til bakrom skal fjernast og blendast. Trapp og trappeløp skal vaskast og malast.

# KONTOR/ BAKROM 1. ETG.





Søndre del av Sentralbadet 1. etg. er ikkje renovert. Det skal borast døropning mellom kjøkken og gangen, for tilkomst til publikumsareal frå bakrom.  Trapp skal rivast og erstattas av anna opning inn til trapperom sør.  Søndre dør skal bli personal- og vareinngang, gang bakrom for ansatte, frys/lager, i damedusjen blir det kontor. Her er og mogleheit for å lage eit gjestekontor / skrivestova i andre enden.
Ventilasjon og elektrisk anlegg.